

# KOSTRA landbruk

Ei vurdering av rapporteringa for 2020

**Rapport nr. 26/2021**  
**30.6.2021**





|               |  |
|---------------|--|
| Rapport:      | KOSTRA landbruk – ei vurdering av rapporteringa for 2020 |
| Avdeling:     | Avdeling ressurs og areal, seksjon arealforvaltning      |
| Dato:         | 30.6.2021  |
| Ansvarleg:    | Aud-Ingrid Krefting                                      |
| Bidragstytar: | Jostein Tostrup  |
| Rapport-nr.:  | 26/2021  |
| Forsidebilde: | Nagy Szabi, Unsplash                                     |

# Innhald

|   |           |
|---|-----------|
| <b>Innhald</b> .....  | <b>2</b>  |
| <b>Samandrag</b> .....  | <b>3</b>  |
| <b>1 Innleiing</b> .....  | <b>4</b>  |
| <b>2 Omdisponering av jordbruksareal</b> .....                          | <b>5</b>  |
| 2.1 Jordvernmålet blei ikkje nådd i 2020 .....                          | 5         |
| 2.2 Omdisponert areal på regionalt og kommunalt nivå .....              | 7         |
| 2.3 Formål areala blir omdisponerte til.....                            | 9         |
| <b>3 Nydyrkinga går ned</b> .....                                       | <b>11</b> |
| <b>4 Jordlova – tal på saker og utfall</b> .....                        | <b>13</b> |
| 4.1 Omdisponeringssaker .....   | 13        |
| 4.2 Delingssaker .....  | 15        |
| 4.3 Driveplikt .....  | 17        |
| <b>5 Konesjonslova – talet på saker og utfall</b> .....                 | <b>18</b> |
| 5.1 «Vanlege» søknader om konsesjon .....                               | 18        |
| 5.2 «Slektskapskonsesjon» .....   | 20        |
| 5.3 Nedsett konsesjonsgrense – nullgrense.....                          | 21        |
| 5.4 Nedsett konsesjonsgrense – slektskapsunntaket sett ut av kraft..... | 22        |
| <b>6 Kvalitet på talmaterialet</b> .....                                | <b>23</b> |
| 6.1 Foreløpige og endelege tal.....                                     | 23        |
| 6.2 Endringar i rapporteringa.....                                      | 24        |
| 6.3 Om rapporteringa for 2020.....                                      | 25        |
| 6.4 Moglege forbetringar .....  | 25        |
| 6.5 Konkrete tiltak.....  | 26        |


Vedlegg1: Tabellar og figurar

Vedlegg 2: KOSTRA-skjema 32 – Forvaltning av landbruksarealer

## Samandrag

### Jordvernmålet blei ikkje nådd i 2021

For første gong sidan 2016 blei ikkje jordvernmålet om maksimalt 4 000 dekar dyrka jord omdisponert til andre formål enn landbruk nådd (figur 1). Over halvparten (51 %) av omdisponeringa gjekk til samferdsel i 2020. Det var kommunane i Oslo og Viken og Innlandet som omdisponerte mest dyrka jord.



Figur 1: Omdisponering av dyrka jord frå 1968 til 2020. Kjelde: Noregs offentlege statistikk (1968-2005) og KOSTRA (2005 - )

### Nydyrkinga går ned

Etter fire år med auke i godkjent areal for nydyrking, går talet for nydyrking ned. 21 641 dekar blei godkjent i 2020, noko som er nær 6 500 dekar mindre enn året før.

### Kommunane behandlar færre saker etter jordlova – nesten uforandra for konsesjonslova

I 2020 var både talet på omdisponeringssaker og delingssaker etter jordlova på det lågaste nivået sidan 2005. Over år er tendensen at kommunane behandlar færre og færre slike saker. For saksbehandling etter konsesjonslova er talet på saker ganske stabilt samanlikna med tala for åra før.

### Forslag til forbetringar

Landbruksdirektoratet foreslår fleire tiltak for å betre kvaliteten i KOSTRA-rapporteringa:

- Vurdere endringar i korleis kvalitetssikringa av KOSTRA-tala blir gjennomført.
- Skissere kva for moglegheiter det finst for å gjere analyser av omfanget av areal som kan nyttast til nydyrking, men som likevel ikkje er kartlagt som dyrkbar jord.
- Gjennomgang av korleis ein skal forholde seg til område kartlagt etter NiN-metodikk på spørsmål om nydyrking av område med verdiar for biologisk mangfald.
- Gjennomføre eit evalueringsprosjekt av KOSTRA landbruk for å kartlegge kvaliteten på rapporteringa og foreslå tiltak for å forbetre rapporteringa.

# 1 Innleiing

Kommunane fattar vedtak om omdisponering av landbruksareal etter plan- og bygningslova. Dei behandlar også saker etter jordlova og konsesjonslova. Dette er til dømes saker om deling av landbrukseigedomar og omdisponering av jordbruksareal etter jordlova og søknader om konsesjon etter konsesjonslova.

Kommunane rapporterer årleg på forvaltninga av landbruksareal gjennom KOSTRA. Denne rapporten samanfattar dei viktigaste tala frå 2020:

## KOSTRA

KOSTRA (KOMmune–STat–RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir opplysningar om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Kommunane har sidan 2005 rapportert på eige landbruksskjema gjennom KOSTRA (sjå vedlegg). Det blir rapportert på omdisponert dyrka og dyrkbar jord etter plan- og bygningslova og jordlova, og dessutan på anna saksarbeid etter jordlova og konsesjonslova.

- Kapittel 2: Oversyn over dyrka og dyrkbart areal som er vedtatt varig omdisponert til andre formål enn landbruk.
- Kapittel 3: Oversyn over godkjent areal for nydyrking.
- Kapittel 4: Oversyn over tal på saker og utfall av saker behandla etter jordlova.
- Kapittel 5: Oversyn over tal på saker og utfall av saker behandla etter konsesjonslova.
- Kapittel 6: Landbruksdirektoratet si vurdering knytt til kvaliteten på dei innrapporterte tala, samt forslag til forbetringar.

## Definisjonar

**Dyrka jord** omfattar fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite, dvs. jordbruksareal.

**Dyrkbar jord** er areal som ved oppdyrking kan settast i slik stand at det vil halde krava til fulldyrka jord, og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. Dyrkbar jord kan vere skogareal, anna jorddekt fastmark, myr og torvmark.

Kjelde: NIBIO

## 2 Omdisponering av jordbruksareal

Kommunane er planmyndigheit etter plan- og bygningslova, og behandlar søknader om dispensasjon frå forbodet mot omdisponering etter jordlova. I dette kapittelet viser vi utviklinga i kommunane si omdisponering av dyrka og dyrkbar jord både på nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå. Vi viser også kva for formål areala blir omdisponert til.


Tala som kommunane rapporterer inn viser til vedtak om omdisponering etter jordlova og vedtatte reguleringsplanar etter plan- og bygningslova. Kommunane rapporterer ikkje om areal som blir lagt inn som byggeområde i kommuneplanen sin arealdel. Det kan derfor gå noko, og tidvis lang, tid frå kommunar vedtar nye byggeområde i LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel, til areala blir regulert gjennom reguleringsplanar og dermed gjort synleg i denne statistikken for omdisponering.

### 2.1 Jordvernmålet blei ikkje nådd i 2020

Jordvernmålet om maksimal årleg omdisponering av 4 000 dekar dyrka jord per

år innan 2020 er eit nasjonalt mål, men det er kommunane som sit med førstelinjansvaret for omdisponeringa. Dei nasjonale tala som vi presenterer her viser summen av omdisponering som hovudsakleg skjer gjennom kommunane si forvaltning.

Statistikken for 2020 viser at vi for første gong sidan 2016 ikkje har nådd jordvernmålet. Kommunane rapporterte å ha omdisponert 4 676 dekar dyrka jord og 7 355 dekar dyrkbar jord (figur 2, samt vedlegg 1, tabell 1). Talet på omdisponering av dyrka jord er omtrent 1 000 dekar høgare enn for 2018. Med unntak av 2018, må vi tilbake til 2005 for å finne eit høgare tal for omdisponering av dyrkbar jord.



Figur 2: Omdisponert areal fordelt på dyrka og dyrkbar jord, sum jordlova og plan- og bygningslova 2010 – 2020 (dekar).


### Jordvernmålet

Noreg har avgrensa areal for matproduksjon. Det har lenge vore eit politisk mål å verne om god dyrka og dyrkbar jord, og å avgrense den årlege omdisponeringa av dyrka jord til under 6 000 dekar.

Ved behandlinga av forslag til nasjonal jordvernstrategi 8. desember 2015 gjorde Stortinget vedtak om at jordvernmålet skulle styrkast. Stortinget fastsette målet for maksimal årleg omdisponering til 4 000 dekar dyrka jord, og sa samstundes at dette målet gradvis skal søkast nådd innan 2020. Dette målet blei oppretthalde i oppdatert nasjonal jordvernstrategi vedtatt av Stortinget i 2018.

I 2021 blei jordvernstrategien oppdatert med nytt mål og nye tiltak. Jordvernmålet blei skjerpa, maksimalt 3 000 dekar dyrka jord skal omdisponerast til andre formål enn landbruk. Målet skal bli nådd innan 2025. Når dei offisielle KOSTRA-tala for 2021 kjem til neste år, er det dette talet vi må måle omdisponeringa mot.


Sjølv om talet på omdisponering av dyrka jord er noko høgare enn åra før, så er det likevel lågt når ein ser på den historiske omdisponeringa tilbake til 1968 (figur 3).



Figur 3: Omdisponering av dyrka jord frå 1968 til 2020. Kjelde: Noregs offentlege statistikk (1968-2005) og KOSTRA (2005 - )

I 2019 rapporterte kommunane for første gong om jordbruksareal som tidlegare har vore omdisponert til andre formål enn landbruk, men som no er tilbakeført til LNFR. Kommunane rapporterte om tilbakeføring av 356 dekar dyrka jord i 2020, noko som er på linje med året før, då 367 dekar blei rapportert inn som tilbakeført LNFR (vedlegg 1, tabell 2).

Talet på omdisponering av dyrka og dyrkbar jord etter jordlova er det lågaste sidan KOSTRA-rapporteringa starta i 2005 (figur 4). 812 dekar blei vedtatt omdisponert etter jordlova i 2020 (vedlegg 1, tabell 1).



Figur 4: Omdisponert dyrka og dyrkbar jord fordelt på plan- og bygningslova og jordlova, 2005 – 2020 (dekar). \* Tala for 2005 er usikre då det var mange kommunar som ikkje rapporterte det året.




## 2.2 Omdisponert areal på regionalt og kommunalt nivå

Historisk sett har det vore stor variasjon i kor mykje kommunane i dei ulike fylka omdisponerer. Tradisjonelt har det vore mest omdisponering i pressregionar rundt dei store byane i Trøndelag, Rogaland og Oslo/Akershus. Under presenterer vi statistikk for omdisponering fordelt på regionalt nivå i fylka, og lokalt i kommunane.

### 2.2.1 Kommunane i Oslo og Viken og Innlandet omdisponerte mest

Det var kommunane i Oslo og Viken som omdisponerte mest dyrka jord i 2020 (figur 5). Dette er første gong tala blir samanstillt etter ny inndeling av fylka. Det er derfor ikkje overraskande at det nye storfylket Viken kjem høgt opp. Innlandet, tidligare Hedmark og Oppland, kjem nest øverst på lista. Troms og Finnmark, som tidligare år har lege langt nede på statistikken, har som samanslått fylke komme heilt opp på fjerdeplass på omdisponeringstoppen for 2020.



Figur 5: Fordeling på tal omdisponert areal dyrka jord etter lovgrunnlag og fylke, 2020 (dekar). Merk at sakene blir avgjort i kommunane, ikkje på fylkesnivå.

Det var kommunane i Trøndelag som omdisponerte mest dyrka jord etter jordlova, med 92 dekar totalt. Den største delen omdisponering etter jordlova var det likevel kommunane i Nordland som hadde, med 44 prosent (figur 5). Kommunane i Nordland omdisponerte altså nesten like mykje areal i einskildsaker etter jordlova som etter heilheitleg planlegging i tråd med plan- og bygningslova.

## 2.2.2 Kommunevis statistikk

Det var Ringerike og Stange kommunar som omdisponerte mest dyrka jord i 2020 (tabell 1). Dei 20 kommunane som omdisponerte mest dyrka jord, stod for 60 prosent av den totale omdisponeringa i Noreg. For dei fem øvste kommunane på lista, står samferdsel for 80 prosent av formåla det blei omdisponert til. Mykje av dette er store statlege prosjekt.

Tabell 1: Dei 20 kommunane som omdisponerte mest dyrka jord i 2020.

|    | <b>Kommune</b>            | <b>Dekar</b> |
|----|---------------------------|--------------|
| 1  | Ringerike                 | 486          |
| 2  | Stange                    | 457          |
| 3  | Balsfjord                 | 275          |
| 4  | Verdal                    | 270          |
| 5  | Sandnes                   | 257          |
| 6  | Hole                      | 137          |
| 7  | Trondheim                 | 135          |
| 8  | Nord-Odal                 | 105          |
| 9  | Sandefjord                | 100          |
| 10 | Tønsberg                  | 98           |
| 11 | Melhus                    | 83           |
| 12 | Gjøvik                    | 82           |
| 13 | Alta                      | 80           |
| 14 | Lyngdal                   | 70           |
| 15 | Harstad - Hársttåk        | 62           |
| 16 | Malvik                    | 61           |
| 17 | Bergen                    | 57           |
| 18 | Lindesnes                 | 56           |
| 19 | Sola                      | 51           |
| 20 | Oppdal                    | 51           |
|    | Sum 20 kommunar           | <b>2 972</b> |
|    | Sum alle kommunar i Noreg | 4 676        |

### 2.3 Formål areala blir omdisponerte til


Omdisponering til samferdsel stod for over 50 prosent av omdisponeringa i 2020 (figur 6, samt vedlegg 1, tabell 3). Aldri før har så mykje av omdisponeringa gått til dette arealformålet. Som vi ser av figur 7 har andelen omdisponering til samferdselsformål auka jamt og trutt sida KOSTRA-registreringa starta i 2005.

Tala for 2020 viser at så mykje som 33 prosent av bustadbygginga på dyrka jord blei godkjent gjennom løyve til omdisponering etter jordlova, altså utan reguleringsplan. Dette er på linje med året før. For at ein skal kunne gjere ei heilskapleg vurdering og avgjerd om bustadbygging i kommunen, bør dette skje i samband med kommune- og reguleringsplanprosessar. Ikkje gjennom behandling av enkeltsaker etter jordlova. Det er også grunn til å tru at jordlovsbehandlinga heng saman med praksis for bruk av dispensasjon etter plan- og bygningslova. Her har kommunane eit potensiale til å avgrense omdisponeringa gjennom å legge vekt på heilskapleg planlegging, og halde seg til desse planane når dei er vedtatt.


#### Omdisponering av areal

Eit areal blir regna som omdisponert når det gjennom vedtatt reguleringsplan etter plan- og bygningslova eller ved saksbehandling etter jordlova skifter arealformål frå LNFR (landbruk, natur og friluftsliv, samt reindrift) til eit formål som ikkje tar sikte på landbruk. Tala i dette kapittelet viser kor mykje areal som i 2020 blei vedtatt omdisponert til andre arealformål, ikkje kor mykje som faktisk blei bygd ned.

Når kommunane rapporterer i KOSTRA, skal tal på dekar omdisponert areal, både for reguleringsplanar og enkeltsaker etter jordlova, fordelast på ei heil rekke ulike formål. Omsynet til jordvernet skal avvegast mot andre omsyn i arealplanlegginga, og også etter jordlova kan omsynet til å verne om arealressursane måtte vike for andre viktige samfunnsomsyn. Tala frå KOSTRA viser kva for andre samfunnsformål jordbruksareala blir tatt i bruk til i omdisponeringssaker.



Figur 6: Omdisponert areal dyrka jord fordelt på formål i 2020.



Figur 7: Andelen omdisponert dyrka jord som gjekk til samferdsel i perioden 2005 – 2020.

### 3 Nydyrkinga går ned


Etter fire år med auke i areal godkjent for nydyrking ser vi no ein nedgang. 21 641 dekar blei godkjent i 2020, noko som er nesten 6 500 dekar lågare enn året før (figur 8, samt vedlegg 1, tabell 4). Dette er likevel et høgt nivå samanlikna med åra før 2016. Det var også å forvente at talet skulle gå ned for 2020, ettersom forbodet mot nydyrking av myr trådde i kraft 2. juni i fjor. Statistikk på dispensasjonar til nydyrking av myr vil vi for vi første gong få gjennom KOSTRA-rapporteringa for 2021.

Gjennomsnittsåreale som blei tillate oppdyrka i kvar sak i 2020 var 20 dekar, noko som er det lågaste gjennomsnittstalet sidan KOSTRA-rapporteringa starta i 2005. I 2020 blei det behandla 1 114 søknader om nydyrking. Dei aller fleste søknadene om nydyrking blei godkjent. Avslagsprosenten i 2020 var på 2,3.

#### Regler for nydyrking

For å nydyrke eit areal må eigaren søke kommunen om godkjenning av plan for nydyrking etter forskrift om nydyrking (jf. jordlova § 11). Kommunane rapporterer om utfallet av behandla søknader i KOSTRA. KOSTRA-tala seier ikkje i kva grad, eller når, desse areala faktisk vil bli dyrka opp. Dersom nydyrkingstiltaket ikkje er påbyrja innan tre år etter at løyvet blei gitt, fell løyvet bort.

I 2020 blei forskrift om nydyrking revidert slik at nydyrking av myr no er forbode. Tala for 2020 skil ikkje på kva type areal som er dyrka opp. Frå og med rapporteringsåret 2021 skal kommunane rapportere på dette.



Figur 8: Tal på tillate nydyrka areal, 2008 - 2020 (dekar).

Dei høgaste tala for godkjent areal for nydyrking i 2020 finn vi hos kommunane i Trøndelag (6 645 dekar) og Innlandet (5 069 dekar). Kommunane i desse to fylka stod for 54 prosent av alt tillate nydyrka areal i 2020 (tabell 2).

Tabell 2: Godkjend areal for nydyrking i 2020 fordelt på fylka.

| Fylke                | Dekar |
|----------------------|-------|
| Trøndelag            | 6 645 |
| Innlandet            | 5 069 |
| Rogaland             | 1 915 |
| Vestland             | 1 704 |
| Oslo og Viken        | 1 553 |
| Nordland             | 1 541 |
| Troms og Finnmark    | 1 202 |
| Agder                | 923   |
| Vestfold og Telemark | 579   |
| Møre og Romsdal      | 510   |

Ved behandling av søknad om godkjenning av plan for nydyrking skal kommunen legge særleg vekt på verknaden nydyrkinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiane. Kvart år blir det stilt vilkår av omsyn til natur og miljø i om lag halvparten av nydyrkingssakene. I 2020 blei det stilt slike vilkår i 68 prosent av sakene der godkjenning blei gitt (vedlegg 1, tabell 4).



Foto: Teddy Charti, Unsplash

## 4 Jordlova – tal på saker og utfall


### 4.1 Omdisponeringssaker

Heilt sida KOSTRA-rapporteringa starta i 2005 har talet på innvilga søknader om omdisponering etter jordlova §§ 9 eller 12 gått jamt nedover. I 2020 blei 767 søknader om omdisponering innvilga. Dette er det lågaste nivået i perioden (figur 9). Den gjennomsnittlege avslagsprosenten for kommunane var på 11,5. Dette er på linje med tidlegare år. Sjå tabell 6 i vedlegg 1 for meir informasjon om talet på søknader og avslagsprosent i perioden 2000 – 2020.

#### Omdisponering etter jordlova

Jordlova set eit forbod mot å nytte dyrka jord til formål som ikkje tar sikte på jordbruksproduksjon. Jordlova seier også at dyrkbar jord ikkje må disponerast slik at ho i framtida ikkje blir eigna til jordbruksproduksjon. Vil eigaren nytte dyrka eller dyrkbar jord til anna enn jordbruksproduksjon, må hen søke om samtykke til omdisponering etter jordlova § 9.


I KOSTRA blir også søknader om frådeling etter jordlova § 12 tatt med under talet for omdisponeringssaker etter jordlova § 9, dersom delinga fører med seg at dyrka eller dyrkbar jord blir omdisponert.



Figur 9: Tal på søknader om omdisponering av dyrka og dyrkbar jord etter jordlova §§ 9 og 12 innvilga (2005-2020).

#### 4.1.1 Avslagsprosenten varierer mellom fylka

Det er stor variasjon i talet på søknader om omdisponering etter jordlova i dei forskjellige fylka (sjå vedlegg 1, figur 1). Dette er naturleg, da det er ulikt kor mykje jordbruksareal og kor stor aktivitet det er i dei ulike fylka. Meir interessant er det da å merke seg at det er stor skilnad i avslagsprosent mellom fylka. Skilnaden kan tyde på at det er ulik praksis, eller ulike naturgitte føresetnader, i kommunane i forskjellige delar av landet. Figur 10 viser at den høgaste avslagsprosenten i 2020 var blant kommunane i Vestland med om lag 21 prosent, og Agder med 17 prosent, medan den lågaste avslagsprosenten var i kommunane i Vestfold og Telemark med om lag 2 prosent. I 2020 var den gjennomsnittlege avslagsprosenten for landet som nemnt ovafor på 11,5.



Figur 10: Avslagsprosent for søknader om omdisponering etter jordlova §§ 9 eller 12 i 2020.




## 4.2 Delingssaker

I 2020 ga kommunane samtykke til deling av landbrukseigedom i 2 686 saker. Dette er under halvparten så mange saker som da KOSTRA-rapporteringa starta i 2005 (vedlegg 1 tabell 7). Som vi ser av figur 11 har dei nasjonale tala på kommunane sine samtykke til deling gradvis gått nedover heile perioden. Talet for 2020 er det lågaste sidan rapporteringa starta. Kommunane behandla 2 923 søknader om deling av eigedom i 2020, og den gjennomsnittlege avslagsprosenten var på 8,1. Dette er på linje med tidlegare år. Tabell 7 i vedlegg 1 gir blant anna oversyn over tal på saker, avslagsprosent og om løyve blei gitt av omsyn til busetting i området. Det har ikkje vore større endringar i tendensane i desse tala gjennom perioden.

### Deling av landbrukseigedom – jordlova § 12


Om eigaren av ein landbrukseigedom vil dele frå eit areal, t.d. ei tomt til bustad, må hen søke om samtykke til deling etter jordlova § 12. Kommunen skal ved sin behandling av søknaden mellom anna legge vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket.

Jordlova § 12 blei endra med verknad frå 1.7.2013, mellom anna slik at omsynet til busetting kan gi grunnlag for at søknaden kan bli innvilga sjølv om andre moment talar mot det. Denne endringa blei tatt inn som eit nytt punkt i KOSTRA-skjemaet frå og med rapporteringsåret 2013.



Figur 11: Tal på søknader om deling etter jordlova § 12 og tal på samtykke i perioden 2005 - 2020.

I perioden 2006 – 2020 ser vi at det er klar skilnad mellom fylka med omsyn på avslagsprosent i delingssaker. Dette kjem fram i figur 12. Den høgaste avslagsprosenten for perioden var i kommunane i Rogaland, der gjennomsnittleg 16 prosent av delingssøknadene blei avslått. Den lågaste avslagsprosenten var i kommunane i Nordland, med 6 prosent. For heile landet var gjennomsnittleg avslagsprosent i denne perioden 8 for kommunane si behandling av søknader etter jordlova § 12.



Figur 12: Gjennomsnittlig avslagsprosent i saker etter jordlova § 12 i perioden 2006 – 2020 fordelt på fylka. Merk at 2020 var det første året med rapportering etter ny inndeling av fylka. For perioden 2006 – 2019 har vi derfor slått saman dei gamle fylka til ny inndeling. Vi har ikkje tatt omsyn til kommunar som har bytta fylke.

Etter endringar i konsesjonslova i 2017 skal føresegnene om priskontroll ikkje lengre gjelde for reine skogeigedommar. Korkje bebygde eller ubebygde. Det er difor interessant å få kunnskap om lovendinga har ført til delingar som har til resultat at vi får fleire reine skogeigedommar. I 2019 svarte kommunane for første gong på to spørsmål for å få belyst dette. Kommunane skulle gi tal på samtykke til deling som gjorde at det oppstod ein ubebygd rein skogeigedom, samt tal på samtykke som gjorde at det oppstod ein bebygd eigedom som framleis kan nyttas til landbruksdrift. I 2020 oppga kommunane at det var gitt samtykke til 34 delingar som førte til ubebygde reine skogeigedommar og 66 delingar av bebygde eigedommar som framleis kan nyttast til landbruksdrift (vedlegg 1, tabell 7).




Foto: Leon McGregor, Unsplash

### 4.3 Driveplikt

For 2020 rapporterte kommunane om at 18 søknader om varig fritak frå driveplikta blei innvilga. Etter eit høgt tal i 2019 er dette meir på linje med tidlegare år (figur 13, samt vedlegg 1, tabell 8).


Kommunane fatta 81 vedtak om pålegg om driveplikt etter jordlova § 8 tredje ledd (figur 13, samt vedlegg 1, tabell 9). Dette er eit rekordhøgt tal, og skuldast særleg at Hareid kommune i Møre og Romsdal har gjort ein systematisk jobb med å identifisere areal som ikkje blir drive. 66 av dei innrapporterte sakene var frå denne kommunen.

Statsforvaltarane hadde gjennom tildelingsbrev for 2019 oppdrag om å bidra til å auke kommunane sin kunnskap om føresegnene om driveplikt i jordlova<sup>1</sup>. Ein kan sjå aukinga i pålegg om driveplikt i lys av dette oppdraget.

#### Driveplikt – jordlova § 8

Med verknad frå 1.7.2009 blei det fastsett ei føresegn i jordlova § 8 om at jordbruksareal skal drivast. Denne føresegna gjeld utan tidsavgrensing. Eigaren må derfor sjølv drive den dyrka jorda hen eig, eller jorda må leigast bort som tilleggsjord til andre. Ei slik leigekontrakt skal vere skriftleg, og gjelde for ei tid på minst 10 år. Leigeavtalen skal òg gi ei god driftsmessig løysing. Finn kommunen at jordbruksarealet ikkje vert drive, kan eigaren påleggjast å leige jorda bort for ei tid av inntil 10 år, eller at jorda skal plantast til med skog, eller tiltak av omsyn til kulturlandskapet.

Eigaren kan etter jordlova § 8a søke om fritak frå driveplikta, enten heilt eller for ein tidsavgrensa periode.



Figur 13: Tal på saker behandla etter jordlova §§ 8 og 8 a i perioden 2010 - 2020 Merk at talet vedtak med pålegg om driveplikt ikkje nødvendigvis heng saman med talet på kommunar som har behandla søknader om fritak frå driveplikta.

<sup>1</sup> Tildelingsbrev til statsforvaltarane for 2019 punkt 3.1.6.2.7.


## 5 Konesjonslova – talet på saker og utfall

Kommunane rapporterer på ei rekke spørsmål knytt til saksbehandling etter konesjonslova. Alt frå spørsmål om «vanlege» konesjonssaker til spørsmål om «slektskapskonesjon» og «nullgrensesaker». Kva for sakstype dette er kan du lese meir om i tekstboksane i dette kapitlet. Felles for sakstypene innafor konesjonslova er at det er lite variasjon i talet på saker og avslagsprosent frå år til år. Dette kjem vi nærare inn på i delkapitla under.

### 5.1 «Vanlege» søknader om konesjon

Erverv av ein eigedom som skal nyttas til landbruksformål, og som ikkje er konesjonsfri å overta på grunn av storleik eller fordi han er overtatt av nær familie, krev konesjon. Søknader som ikkje fell inn under føresegna om «slektskapskonesjon» eller er såkalla «nullgrensesaker» (sjå tekstboks lengre ut i kapitlet) er i KOSTRA-samanheng å regne for «vanlege» søknader om konesjon. Under summerer vi kort opp rapporteringa for 2020.

Talet på innvilga søknader har vore jamt dei siste ni åra (figur 14). Forholdet mellom talet på innvilga søknader med og utan vilkår har også lege omtrent på same nivå gjennom heile perioden (tabell 3). Det same gjeld for avslagsprosenten.



Figur 14: Innvilga søknader om "vanleg" konesjon i perioden 2010 – 2020, alle kommunar.

#### Konesjon og konesjonslova

«Konesjon» betyr løyve til erverv av fast eigedom. «Erverv» er eit fellesord for alle måtar ein kan overta ein eigedom på (til dømes kjøp, arv eller gåve).


Formålet med konesjonslova er å få eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet. Konesjonslova fastset at det er naudsynt med konesjon for å erverve fast eigedom. Unntaka frå denne konesjonsplikta er likevel så omfattande at det i praksis berre må søkast om konesjon for ein liten del av eigarskifta på fast eigedom.

Konesjon kan gis med eller utan vilkår. Historisk sett blir om lag halvparten av søknadene innvilga på vilkår. I KOSTRA rapporterer kommunane på om det er sett vilkår etter konesjonslova § 11.

Tabell 3: «Vanlege» søknader om konsesjon for perioden 2010-2020. Talet på saker.

|             | Innvilga    |                      |                | Innvilga med vilkår |                | Avslått   | Søknader i alt | Avslagsprosent |
|-------------|-------------|----------------------|----------------|---------------------|----------------|-----------|----------------|----------------|
|             | Utan vilkår | På vilkår etter § 11 | Innvilga i alt | Pers. buplikt       | Upers. buplikt |           |                |                |
| <b>2010</b> | 645         | 759                  | 1404           | 395                 | 53             | 43        | 1447           | 3,0            |
| <b>2011</b> | 1115        | 1197                 | 2312           | 645                 | 82             | 62        | 2374           | 2,6            |
| <b>2012</b> | 1177        | 1243                 | 2420           | 680                 | 106            | 63        | 2483           | 2,5            |
| <b>2013</b> | 1042        | 1239                 | 2281           | 643                 | 71             | 51        | 2332           | 2,2            |
| <b>2014</b> | 1146        | 1335                 | 2481           | 721                 | 104            | 48        | 2529           | 1,9            |
| <b>2015</b> | 1323        | 1244                 | 2567           | 631                 | 99             | 48        | 2615           | 1,8            |
| <b>2016</b> | 1263        | 1 307                | 2570           | 637                 | 106            | 57        | 2 627          | 2,2            |
| <b>2017</b> | 1336        | 1329                 | 2665           | 735                 | 110            | 58        | 2723           | 2,1            |
| <b>2018</b> | 1171        | 1314                 | 2485           | 655                 | 94             | 61        | 2546           | 2,4            |
| <b>2019</b> | 1169        | 1325                 | 2494           | 679                 | 130            | 63        | 2557           | 2,5            |
| <b>2020</b> | <b>1123</b> | <b>1294</b>          | <b>2417</b>    | <b>746</b>          | <b>114</b>     | <b>66</b> | <b>2483</b>    | <b>2,7</b>     |

Det er stor variasjon mellom fylka, og dermed mellom kommunane, med omsyn til om søknadene blir innvilga med eller utan vilkår. Denne har likevel blitt jamnare med ny struktur på fylka. Kommunane i Innlandet, Vestfold og Telemark og Trøndelag har vilkår til innvilginga i over halvparten av sakene (figur 15). I Agder blei berre 36 prosent av sakane innvilga med vilkår. Avslagsprosenten var høgast i kommunane i Innlandet og Oslo og Viken med 3,8, medan kommunane i Møre og Romsdal berre ga avslag i 0,7 prosent av sakene.



Figur 15: Utfall av søknader om konsesjon behandla av kommunane i 2020 fordelt på fylka.

I KOSTRA rapporterer kommunane òg på om det i nokon av tilfella av vanlege søknader om konsesjon er eit aksjeselskap som står som søker. Tradisjonelt har det blitt rapportert om få slike søknader. I 2020


behandla kommunane i alt 60 slike saker, noko som er ei lita auke frå året før. Sjå vedlegg 1, tabell 10 for meir informasjon om rapporteringa på denne sakstypen.

## 5.2 «Slektskapskonsesjon»

Som for tala på «vanlege» søknader om konsesjon, så viser statistikken for «slektskapskonsesjon» at utviklinga har vore jamn dei siste åra (figur 16). Forholdet mellom tal på innvilga søknader med og utan vilkår har også lege omtrent på same nivå gjennom heile perioden. Det same gjeld for avslagsprosenten (sjå vedlegg 1, tabell 11).

### «Slektskapskonsesjon» - § 9 siste ledd

Endringa av konsesjonslova i 2009 gjorde at odelsberettiga eller nær slekt må søke konsesjon der vedkommande ikkje kan eller vil busette seg på eigedomen. Kommunen tar så stilling til om det skal gis konsesjon med eller utan vilkår om buplikt.




Figur 16: Talet på saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd ("slektskapskonsesjon"), behandla av kommunane som førsteinstans, 2010 - 2020.

### 5.3 Nedsett konsesjonsgrense – nullgrense

Kommunane behandla i alt 46 såkalla «nullgrensesaker» i 2020, noko som, med unntak av 2017, er på linje med tidlegare år (figur 17). Avslagsprosenten var på 26,1, noko som er høgt samanlikna med tidlegare år. Av figur 17 kjem det fram at det var særskilt mange nullgrensesaker i 2017. Dette kan skuldast feilrapportering i 2017, då nokre kommunar kan ha talt eigenerklæringsskjema som innvilga nullgrensesaker. Dette var tilfelle òg for 2019, då Gol kommune hadde rapportert inn 333 nullgrensesaker. Tala vi presenterer for 2019 her er justert for denne feilen. I figuren kjem det òg fram at avslagsprosenten varierer mykje frå år til år.

#### «Nullgrense»


For å sikre omsynet til fast busetting kan kommunen søke om å få innføre forskrift etter konsesjonslova § 7, også kalla «nullgrenseforskrift». Ei slik forskrift sett konsesjonsfridomen ut av kraft for heile eller delar av kommunen, og gjeld for eigedomar som er eller har vore nytta til heilårsbustad eller er regulert til bustadformål. Tar ein over ein slik eigedom og vil nytte han til fritidsformål, må ein søke om konsesjon.



Figur 17: Tal på nullgrensesaker (primærakse) og avslagsprosent (sekundærakse) i perioden 2005 – 2020.

For 2020 har i alt 43 kommunar oppgitt at dei har ei forskrift etter konsesjonslova § 7. Dette er seks fleire enn året før, jf. figur 18. Det er Landbruksdirektoratet som fastset desse forskriftene, og vi fører derfor ei eiga oversikt over dei årsvise endringane i talet på kommunar med forskrift. Som figur 18 syner, er det ikkje alltid at tala frå KOSTRA stemmer overeins med vår eige oversikt.

I følgje Landbruksdirektoratet si oversikt hadde 42 kommunar forskrift om nedsett konsesjonsgrense ved årsskiftet 2019/2020. Uansett viser grafen ein trend i form av at stadig færre kommunar har forskrift om nedsett konsesjonsgrense.



Figur 18: Talet på kommunar som har forskrift etter konsesjonslova § 7 i perioden 2005 – 2020.

## 5.4 Nedsett konsesjonsgrense – slektskapsunntaket sett ut av kraft

Ei endring i konsesjonslova, sett i kraft 1.7.2009, gjer det mogleg for kommunane å innføre forskrift som òg set slektskapsunntaket i konsesjonslova (§ 5 første ledd nr. 1) ut av kraft. Dette inneber at nære slektningar av tidlegare eigar må søke konsesjon dersom dei ønskjer å nytte ein tidlegare heilårsbustad til fritidsformål. I 2020 var det sju kommunar som hadde slike føresegner i forskrifta si. Desse kommunane behandla til saman tre saker. Dette er på linje med tidlegare år (vedlegg 1, tabell 13).




## 6 Kvalitet på talmaterialet

### 6.1 Foreløpige og endelege tal

Fristen for foreløpig rapportering er 15. februar, og for endeleg rapportering er fristen i juni. For 2020 var det 340 av 356 kommunar (96 prosent) som hadde rapportert ved foreløpig rapporteringsfrist, jf. tabell 4. Som tidlegare år har det skjedd endringar i dei innrapporterte tala i tida frå foreløpig til endelege tal, i form av kvalitetssikring og feilretting. Dei endeleg tala for omdisponering av dyrka og dyrkbar jord er nær 2 000 dekar høgare enn dei foreløpige tala.

Årsaka til at dei endelege tala er høgare, skuldast i hovudsak fellesprosjektet Ringeriksbanen og E16. Omdisponeringa som følge av den statlege reguleringsplanen FRE16 hadde ikkje blitt rapportert inn av kommunane per 15. februar. Som følge av kvalitetssikringa frå statsforvalteren blei kommunane bedne om å hente inn tal frå statlege etatar, og registrere desse gjennom KOSTRA. Det er i hovudsak Ringerike (486 dekar) og Hole (137 dekar) kommunar som har rapportert inn nye og høge tal for omdisponering av dyrka jord som følge av fellesprosjektet Ringeriksbanen og E16 i tida mellom foreløpig og endeleg rapporteringsfrist.



Figur 19: Syner skilnaden mellom endelege og foreløpige tal jf. tabell 4. I dei åra dei endelege tala for omdisponering av dyrka og dyrkbar jord er høgare enn dei foreløpige, er den blå linja over den røde streken. Motsatt når tala er lågre.

Figur 19 syner endringar i tala for omdisponering av dyrka og dyrkbar jord frå foreløpig til endeleg rapporteringsfrist. Dei åra den blå linja ligg over den raude streken, har dei endelege tala vore høgare enn dei foreløpige. Dei endelege tala er stort sett høgare, og i enkelte år betydeleg høgare, enn dei foreløpige tala. Landbruksdirektoratet meiner difor at ein skal vere varsam med å gi dei foreløpige tala for mykje merksemd, all den tid dei nettopp er *foreløpige*. Figuren syner også at andelen kommunar som har registrert tal i KOSTRA har vore nokså jamn gjennom perioden.

Tabell 4: Andel kommunar som har rapportert, tal på dekar omdisponert areal, samt prosentvis endring mellom foreløpige og endelege tal, 2005 – 2020. NB: Tala inkluderer alle formål, også areal til skogplanting.

|             | Foreløpige tal |                    |                |                     | Endelege tal   |                    |                |                    | Prosentvis endring - foreløpige til endelege |              |                    |
|-------------|----------------|--------------------|----------------|---------------------|----------------|--------------------|----------------|--------------------|--|--------------|--------------------|
|             | Andel kommunar | Omd. etter jordlov | Omd. etter PBL | Sum jord-lov og PBL | Andel kommunar | Omd. etter jordlov | Omd. etter PBL | Sum jordlov og PBL | Jord-lov                                     | PBL          | Sum jordlov og PBL |
| <b>2005</b> | 77 %           | 4 052              | 10 467         | 14 519              | 96 %           | 4 438              | 13 510         | 17 948             | 110 %  | 129 %        | 124 %              |
| <b>2006</b> | 87 %           | 4 196              | 8 499          | 12 695              | 99 %           | 4 785              | 9 352          | 14 137             | 114 %  | 110 %        | 111 %              |
| <b>2007</b> | 92 %           | 4 345              | 10 521         | 14 866              | 98 %           | 4 456              | 10 986         | 15 442             | 103 %  | 104 %        | 104 %              |
| <b>2008</b> | 89 %           | 3 875              | 12 640         | 16 515              | 99 %           | 4 040              | 12 402         | 16 442             | 104 %  | 98 %         | 100 %              |
| <b>2009</b> | 88 %           | 3 395              | 11 117         | 14 512              | 98 %           | 3 607              | 11 557         | 15 164             | 106 %  | 104 %        | 104 %              |
| <b>2010</b> | 92 %           | 3 562              | 9 749          | 13 311              | 97 %           | 2 999              | 9 908          | 12 906             | 84 %   | 102 %        | 97 %               |
| <b>2011</b> | 94 %           | 2 400              | 7 752          | 10 152              | 99 %           | 2 660              | 8 325          | 10 985             | 111 %  | 107 %        | 108 %              |
| <b>2012</b> | 93 %           | 2 385              | 8 477          | 10 862              | 98 %           | 2 428              | 9 211          | 11 639             | 102 %  | 109 %        | 107 %              |
| <b>2013</b> | 93 %           | 2 335              | 7 615          | 9 950               | 99 %           | 2 587              | 7 639          | 10 226             | 111 %  | 100 %        | 103 %              |
| <b>2014</b> | 90 %           | 1 949              | 7 563          | 9 512               | 99 %           | 2 133              | 8 106          | 10 239             | 109 %  | 107 %        | 108 %              |
| <b>2015</b> | 91 %           | 4 140              | 8 432          | 12 572              | 99 %           | 4 054              | 8 723          | 12 777             | 98 %   | 104 %        | 102 %              |
| <b>2016</b> | 95 %           | 2 244              | 8 801          | 11 045              | 99 %           | 2 274              | 9 330          | 11 604             | 101 %  | 106 %        | 105 %              |
| <b>2017</b> | 94 %           | 2 907              | 5 807          | 8 714               | 97 %           | 2 961              | 6 167          | 9 128              | 102 %  | 106 %        | 105 %              |
| <b>2018</b> | 94 %           | 1 527              | 11 499         | 13 026              | 97 %           | 1 559              | 11 348         | 12 907             | 102 %  | 99 %         | 99 %               |
| <b>2019</b> | 93 %           | 1 210              | 7 209          | 8 418               | 98 %           | 1 036              | 7 121          | 8 157              | 87 %   | 99 %         | 98 %               |
| <b>2020</b> | <b>96 %</b>    | <b>910</b>         | <b>9 636</b>   | <b>10 546</b>       | <b>99 %</b>    | <b>1 021</b>       | <b>11 219</b>  | <b>12 240</b>      | <b>112 %</b>                                 | <b>116 %</b> | <b>116 %</b>       |

## 6.2 Endringer i rapporteringa

2020 er det første året med rapportering at tala frå kommunane blir fordelt på dei nye fylka. Vi har gått frå 18 til 10 fylke, og vi har difor gjort justeringar i einstilte tidsseriar. Det er ikkje alle tidsseriar vi har valt å føre vidare i denne rapporten, då det har vore lite som har skilt fylka opp gjennom åra. Talet på kommunar i Noreg har også blitt redusert sidan førre rapport. Det er no 356 kommunar mot 422 året før. Det var ingen nye spørsmål for rapporteringa i 2020.

Frå og med 2019 har kommunane rapportert på tilbakeført jordbruksareal. Dette er areal som har blitt omdisponert til anna formål, men der planane ikkje er realiserte og så har blitt tilbakeført til LNFR. Tilbakeført jordbruksareal skal ikkje gjere utslag for omdisponeringstala det året arealet tilbakeførast.

### Om tidlegare års rapportering

Til og med året 2003 var kommunane pålagt å bruke saksbehandlingssystemet AJOUR for rapportering på landbruksområdet. AJOUR blei avvika før nytt system for rapportering var på plass. 2004 blei dermed eit unntaksår med omsyn til rapportering på praktisering av jord- og konsesjonslovgivinga. I åra 2002-2004 blei omdisponering etter plan- og bygningslova rapportert i KOSTRA-skjema "Kulturminner, natur og nærmiljø" (KNNM).

Rutinane for kommunane si rapportering på omdisponert areal blei lagt om frå og med 2005. Rapporteringa for omdisponert areal i KOSTRA blei òg endra for rapporteringsåret 2010, som ei følge av at plan- og bygningslova blei endra i 2009. 2010 er det første året vi reknar med at hovudtyngda av rapporteringa skjer etter planar behandla etter ny plan- og bygningslov.

Ei endring i jordlova i 2018 førte med seg at tiltak med konsesjon etter energilova § 3-1, vassressurslova eller vassdragsreguleringslova ikkje lenger skal behandlast etter jordlova. Dette fører igjen til at dyrka og dyrkbar jord som blir omdisponert til denne typen tiltak ikkje lenger rapporterast som omdisponert via KOSTRA. Landbruksdirektoratet, NVE og SSB har blitt samde om ei ny rapporteringsrutine for slike tal. Det har likevel tatt tid å sette i verk dei nye rutineane, slik at det ikkje finst tal for slik omdisponering for 2019 eller 2020. Rapporteringsplikta ligg hjå NVE.

Frå og med 2019 har kommunane rapportert på talet samtykke til frådeling etter jordlova som gjer at det oppstår ein ubebygd rein skogeigedom. Kommunane skal også svare på spørsmål om talet samtykke som fører til at det oppstår ein bebygd eigedom som framleis kan nyttast til landbruksdrift og kor eigedomen er større enn 10 dekar, og kor 35 dekar eller mindre er fulldyrka eller overflatedyrka jord.

Endringane i føresegnene om nydyrking, med forbod om nydyrking av myr, tok til å gjelde 2. juni 2020. Forskrifta opnar for at det kan gis dispensasjon til å nydyrke myr. Frå og med rapporteringa for året 2021 vil kommunane måtte svare på fleire nye spørsmål om nydyrking av myr. Både om grunnlaget for dispensasjon, kor mykje areal djup og grunn myr som har blitt godkjent og kor mykje areal som faktisk har blitt dyrka opp.

### 6.3 Om rapporteringa for 2020

Ved endeleg rapporteringsfrist for 2020 var det berre tre kommunar som ikkje hadde rapportert. Det gir ein høg svarprosent for rapporteringsåret 2020 (tabell 4). Ved frist for endeleg rapportering i juni, mangla det rapportering frå desse kommunane:

- Østre Toten (Innlandet)
- Bremanger (Vestland)
- Gamvik (Troms og Finnmark)

Dette er andre år på rad at Bremanger kommune ikkje svarer. Elles er det grunn til å vere nøgd med at dei aller fleste kommunane har rapportert på KOSTRA landbruk for 2020. Som tidlegare år kan moglege feilkjelder i rapporteringa vere feil oppgitt storleik på areal, tal og utfall av saker i rapporteringa frå dei ulike kommunane.

### 6.4 Moglege forbetringar

Kvalitetssikring av rapporteringa skjer i regi av SSB. SSB gjennomfører maskinelle kontrollar av innsendte skjema, og purrar på kommunar der skjema manglar, eller skjemaet er ufullstendig utfyllt. Statsforvaltarane gjer også ein jobb med å kvalitetssikre dei kommunevise tala, og gir SSB tilbakemelding der dei har grunn til å tru at rapporteringa frå kommunane kan vere feil. Landbruksdirektoratet meiner at KOSTRA-rapporteringa er god, ikkje minst som mål på forvaltning av areal i Noreg.

Landbruksdirektoratet har tidlegare fått tilbakemeldingar frå enkelte embete om at kvalitetssikringa av KOSTRA-tala er svært krevjande. Det har også vore vårt inntrykk at det er ganske ulikt korleis dei har løyst kvalitetssikringsoppdraget. I samband med oppdraget om kvalitetssikring av 2020-tala bad vi statsforvaltarane om ei kort utgreiing om korleis dei løyste oppdraget. På bakgrunn av svara vi fekk har vi laga ei samanfating av korleis statsforvaltarane kan gjere jobben på ein balansert måte, slik at eventuelle feil blir avdekka samstundes som at arbeidsmengda ikkje blir for stor. Det kan likevel vurderast om kvalitetssikringa av KOSTRA-tala kan bli gjort på ein betre eller meir effektiv måte. Landbruksdirektoratet har per no ikkje konkrete forslag til korleis dette kan eller bør gjerast. Statsforvaltarane bør bli involvert i eit eventuelt komande arbeid på dette punktet

Dyrkbar jord er areal som ved nydyrking kan oppfylle krava til fulldyrka jord og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. I KOSTRA-rapporten for 2018 viste Landbruksdirektoratet til ei utgreiing presentert av NIBIO i 2017<sup>2</sup>. Denne utgreiinga viste at berre 54 prosent av alt areal som blei nydyrka i

<sup>2</sup> NIBIO-notat – Tilleggsutredning knyttet til kostnadseffektivitet og klimaeffekter av forbud mot nydyrking av myr, s. 4.

perioden 2006 til 2016 faktisk var klassifisert som dyrkbar jord. Det vil seie at mykje areal som eigentleg er dyrkbart manglar vern etter jordlova § 9, og at omdisponering til anna formål enn landbruk heller ikkje blir rapportert inn i KOSTRA. Direktoratet foreslo derfor at det i første omgang blir skissert kva for moglegheiter som finst for å gjere analyser av omfanget av areal som kan nyttast til nydyrking, men som likevel ikkje er kartlagt som dyrkbar jord. I neste omgang kan ein eventuelt nytte denne kunnskapen til å kartlegge omfanget av slikt areal, og korleis det fordeler seg geografisk. Landbruksdirektoratet står fast ved denne anbefalinga.

